

Prop. 112 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i stiftelseslova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret)

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 31. august 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen vert det lagt fram forslag til endringar i lov 15. juni 2001 nr. 59 om stiftelser (stiftelseslova). Lova vert føreslått endra slik at Stiftelsestilsynet får heimel i lov til framleis å kunne hente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt når det er naudsynt for utøving av oppgåver etter stiftelseslova, arvelova og dekningslova, jf. folkeregisterlova § 10-2. Det vert i samband med dette føreslått endringar i stiftelseslova § 7.

Stiftelsestilsynet har sidan 2009 hatt løyve frå Skattedirektoratet til å hente desse opplysningane med heimel i folkeregisterlova 16. januar 1970 § 14. Lovendringane inneber soleis ikkje endringar i den faktiske rettsstilstanden. Etter folkeregisterlova av 2016 § 10-2 er det krav om at heimel for utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, må stå i regelverket som gjeld for dei ulike saksområda. Skal Stiftelsestilsynet framleis ha tilgang til dette, må heimelen soleis stå i stiftelseslova.

2 Departementet sine vurderingar og forslag

I førearbeida til folkeregisterlova av 2016 vert det halde fram at etatar eller verksemdar som treng

informasjon frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, sjølv er nærast til å grunngje kvifor dei treng dette. Forslaget i denne proposisjonen skal sikre at Stiftelsestilsynet får naudsynt heimel i eiga lov.

Stiftelsestilsynet treng opplysningar frå Folkeregisteret for å kunne utføre lovpålagde pliktar etter stiftelseslova, arvelova og dekningslova. Dette gjeld både opplysningar som er omfatta av teieplikt og dei som ikkje er omfatta av teieplikt.

Stiftelsestilsynet har behov for tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt frå Folkeregisteret, både ved tilsyn og kontroll med stiftelsar (jf. stiftelseslova § 7 første ledd bokstav b) og ved handsaming av søknader og andre forvaltningsoppgåver (jf. stiftelseslova § 7 første ledd bokstav c).

Fleire av føresegnene i stiftelseslova set avgrensingar når det gjeld posisjonar og transaksjonar med «nærstående», jf. definisjonen i stiftelseslova § 5. Enkelte føresegner gjev dessutan slektningar av opprettaren særlege rettar. Stiftelsestilsynet vil soleis ha behov for å avklare kven som har slektsband til opprettaren av ein stiftelse, eller til den som har gjeve formuesverdiar som inngår i grunnkapitalen til ein stiftelse. Stiftelsestilsynet har rett og plikt til å vurdere «nærstående»-relasjonar i tilknytning til følgjande paragrafar:

- § 19 – forbod mot utdeling til visse «nærstående» til opprettaren
- § 20 – forbod mot lån eller garanti til «opprettens nærstående»
- § 27 – forbod mot at den som har gjeve ein formuesverdi til grunnkapitalen og «nærstående» av denne kan sitte åleine i styret i ein stiftelse
- § 37 – inhabilitet
- § 49 – dersom opprettaren er død, har slektningar av opprettaren rett til å få høve til å uttale seg til ei kvar omdanning av stiftelsen, her også endring av vedtektene.

For å avdekkje mislege handlingar i tilsynssaker, kan det vere viktig å avklare om stiftelsen har hatt transaksjonar med nærstående til personar med tillitsverv eller roller i stiftelsen (styremedlem, dagleg leiar, forretningsfører, opprettar, givar av kapital til stiftelsen mv.).

Stiftelsestilsynet har fleire oppgåver etter lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningslova) kapittel 3 om private beslagsforbod. Tilsynet skal handsame søknader om omdanning av beslagsforbod, jf. § 3-5, ekstraordinære utbetalningar, jf. § 3-7, nemne opp tillitsmann, jf. § 3-4, sperring av erstatningsbeløp o.l., jf. § 3-9, og omgjerding av tillitsmannen sine avgjerder, jf. § 3-8.

I handsaminga av slike saker gjennomfører Stiftelsestilsynet ofte søk i Folkeregisteret for å kontrollere opplysningar om overdragaren (gåvegivar eller arvelatar) og overtakaren (gåvemottakar eller arving). Dei viktigaste opplysningane vil kunne hentast inn i medhald av folkeregisterlova § 10-1, jf. § 9-1 andre ledd. I sakene tilsynet handsamar etter dekningslova, er det dessutan ofte behov for å klarleggje opplysningar om slektsrelasjon mellom overdragaren og overtakaren, om overdragaren og overtakaren har nære slektningar, og kven dei i tilfelle er. Dekningslova § 3-5 syner til stiftelseslova sine føresegner. Det inneber at stiftelseslova § 49 om sakshandsaming ved omdanning òg gjeld i denne typen saker. Overdragaren vil ofte vere død på det tidspunktet tilsynet mottek søknad frå overtakaren. I slike tilfelle fastset stiftelseslova § 49 at overdragaren sine slektningar og andre som har stått han eller ho nær, skal ha høve til å uttale seg om søknaden. At Stiftelsestilsynet kan hente ut og kontrollere gitte opplysningar, er avgjerande for at saka vert så godt opplyst som mogleg og for at alle dei som etter lova skal høyrast i saka, kan ta hand om interessene sine.

Stiftelsestilsynet har òg som oppgåve å handsame søknader etter lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv (arvelova) § 32 fjerde ledd om omdanning av bandlagt pliktdelsarv. Føresegnene om ekstraordinære utbetalningar, jf. dekningslova § 3-7, oppnemning av tillitsmenn, jf. dekningslova § 3-4, og omgjerding av tillitsmannen sine avgjerder, jf. § 3-8, gjeld òg tilsvarende i bandleggingssaker.

På same måte som ved handsaming av saker etter dekningslova, treng Stiftelsestilsynet i denne typen saker å gjennomføre søk i Folkeregisteret, ut over det som kan hentast ut i medhald av folkeregisterlova § 10-1, jf. § 9-1 andre ledd. Det gjeld særskilt å innhente og kontrollere opplysningar om slektsrelasjon mellom arvelatar og arving, om arvelatar og arving har nære slektningar, og kven dei i tilfelle er. Stiftelseslova § 49 gjeld òg i denne typen saker, og arvelataren sine slektningar og andre som har stått han eller ho nær, skal ha høve til å uttale seg om søknaden.

For at Stiftelsestilsynet skal kunne utføre dei lovpålagde oppgåvene som det har etter stiftelseslova, dekningslova og arvelova, er det avgjerande at tilgangen til opplysningar som er underlagt teieplikt, vert ført vidare.

Stiftelsestilsynet fattar òg vedtak i medhald av samvirkelova, utan at det er behov for å hente opplysningar som er omfatta av teieplikt frå Folkeregisteret.

3 Handsaminga av lovforslaget

Den nye folkeregisterlova tok til å gjelde 1. oktober 2017. Etter overgangsreglar i den nye lova må ny heimel vere på plass innan 1. oktober 2018. Dette er omtalt i Prop. 164 L (2015–2016) *Lov om folkeregistrering*. Naudsynte endringar i ei rekkje særlover vart gjort samstundes med at folkeregisterlova vart vedteken. I Prop. 86 LS (2017–2018) vart det òg fremja endringar i fleire særlover.

Den føreslåtte lovendringa fører vidare rettstilstanden etter folkeregisterlova av 16. januar 1970 og er ei tilpassing i samsvar med den nye folkeregisterlova av 9. desember 2016. Departementet la difor til grunn at det openbert ikkje var naudsynt å sende forslaget om endringa i stiftelseslova på allmenn høyring, jf. punkt 3-3 i utgreiingsinstruksen. Dei tilsvarende forslaga i Prop. 86 LS (2017–2018) har heller ikkje vore på allmenn høyring.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane fører vidare gjeldande rett, og forslaget vil difor ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

teieplikt i saker etter stiftelseslova, arvelova og dekningslova. Opplysningar som er underlagt teieplikt, skal berre hentast inn når det er naudsynt for å løyse dei lovpålagde oppgåvene etter stiftelseslova, arvelova og dekningslova.

Nærings- og fiskeridepartementet

tilrår:

5 Merknadar til endringar i stiftelseslova

Tilføyinga av eit nytt femte ledd i stiftelseslova § 7 sikrar at Stiftelsestilsynet framleis kan hente inn opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i stiftelseslova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i stiftelseslova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i stiftelseslova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret)

I

I lov 15. juni 2001 nr. 59 om stiftelser skal § 7 nytt femte ledd lyde:

Stiftelsestilsynet kan, uten hinder av taushetsplikt, innhente opplysninger fra Folkeregisteret når det er nødvendig for å løse oppgaver etter stiftelsesloven, arveloven og dekningsloven.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.
